



Frode Anfinsen
Fløksand 62
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2353 - 19/26338

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Godkjenning av fritak for gjødselplan GBNR 5/1 Fløksand

Administrativt vedtak. Saknr: 313/2019

Saksutgreiing:

Frode Anfinsen har 18.12.19 søkt om fritak for gjødselplan pga ekstensiv drift. Det totale arealet på bruket driv sækjar 6 daa fulldyrka og 10 daa innmarksbeite. Resten av bruket er leigd vekk til nabo som og driv med sau, og det er han som har ansvar for det som vert gjødsla av den fulldyrka jorda. Dyretalet er 13 vinterfora sau og driftsforma er utegangardrift. Husdyrgjødsel vert brukt på fulldyrka areal.

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert ikkje nytta innkjøpt gjødsel. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (mindre enn 1 etter frådrag for 6 mnd beitetid) og har stort nok areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

"Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2024 for gnr. 5, bnr.1 og 6, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for fritaket vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frode Anfinsen

Fløksand 62

5918

FREKHAUG